



Direktoratet for mineralforvaltning

med Bergmesteren for Svalbard

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 25.11.2020
Vår ref: 16/01462-28
Deres ref:

Tildeling av driftskonsesjon etter minerallova for Moa grustak i Årdal kommune. Tiltakshavar: Ryfoss Betong AS.

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON +47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANKOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

1. Konsesjonen

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til søknaden om driftskonsesjon datert 9. september 2016 frå Ryfoss Betong AS org. nr. 943 346 275. Ryfoss Betong AS, heretter kalla «Tiltakshavar» eller «Tiltakshavaren», får med dette driftskonsesjon etter minerallova § 43.

Tiltakshavaren får driftskonsesjon for uttak av lausmasser i Moa grustak på del av eigedomen gbnr. 9/5 i Årdal kommune. Mineralførekomensten høyrer til kategorien mineral som grunneigaren eig.

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 53 daa og går fram av kartet med tittel *Konsesjonsområde – Moa grustak i Årdal kommune*, vedlegg 1. Området er i dagens kommuneplan regulert til *Annet spesialområde, grustak med feltbetegnelse S3*. Området har reguleringsplan frå 1998: *Reguleringsplan for Ytre Moa, del av Moa og del av Årdal metallverk*. Plan ID: 1424 – 1998007.

DMF gjer merksam på at ein driftskonsesjon gjeven etter minerallova ikkje erstattar krav om løyve, godkjenning, arealplan eller konsesjon etter anna lovgeving.

2. Vilkår

Konsesjonen blir gjeven på desse vilkåra:

2.1. Driftsplan

Drifta skal til ei kvar tid gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand. Vi kan krevje ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

2.2. Økonomisk sikkerheit

Tiltakshavaren blir pålagd å stille økonomisk sikkerheit med NOK 540 000,- som skildra i punkt 5.11 av vedtaket, for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51.



Den økonomiske sikkerheita skal stillast ved å betale inn eit grunnbeløp på NOK 150 000, og deretter årlege avsetjingar som skildra i punkt 5.11, til ein bankkonto som det skal etablerast pant i til fordel for DMF slik at Tiltakshavaren ikkje kan råde over kontoen på noko vis.

Innan 2 månader etter datoен på dette konsesjonsvedtaket skal Tiltakshavaren ha:

- (i) inngått ein avtale om finansiell sikkerheit med DMF, vedlegg 4;
- (ii) dokumentert at grunnbeløpet på NOK 150 000 er innbetalt til ein pantsatt bankkonto;
- (iii) etablert pant i kontoen til fordel for DMF, vedlegg 5.

2.3. Bergteknisk ansvarleg

Det skal utan grunnlaust opphold sendast skriftleg melding til DMF om alle skifte av bergteknisk ansvarleg for eit uttak.

2.4. Andre vilkår

- Innan 2 månader etter at konsesjonsvedtaket er treft, skal konsesjonsgrensa for massetaket setjast ut eller markerast i terrenget på ein slik måte at den er lett synleg gjennom heile driftsperioden.
- Av omsyn til flaumsona i nærliggande vassdrag skal Tiltakshavar innan 2 månadar frå vedtakets dato sørge for at det utarbeidast ein fagkyndig geologisk rapport basert på høyringsutspelet frå NVE, som omtala i dette vedtakets punkt 4. Sjå også vedlegg 6, som viser det tildelte konsesjonsområdet saman med flaumsonene som skissert i NVE sitt kart. Dersom rapportens konklusjonar tilseier at det skal setjast i verk tiltak for å hindre endring av flaumsonen, må samstundes driftsplana reviderast med utgangspunkt i dei nye opplysningane. Revidert driftsplan skal i så fall utan oppmoding og opphold sendast til DMF for vurdering. Fagkyndig geologisk rapport skal sendast til DMF, uavhengig av konklusjonane i denne.

3. Godkjenning av driftsplan

DMF godkjenner driftsplana for Moa grustak. Den godkjende versjonen av driftsplana ligg ved dette konsesjonsvedtaket.

4. Høyring

Søknaden om driftskonsesjon har vore på høyring, jf. forvaltningslova § 17, hos desse høyringsinstansane: Årdal kommune, Statens vegvesen, Fylkesmannen i Vestland, NVE, Vestland fylkeskommune, og andre høyringsinstansar slik det går fram av adresselista til høyringsbrevet og adresselista til dette vedtaksbrevet.

Høyringsperioden var frå 27. mars 2020 til 22. mai 2020. Frå høyringsfråsegnene har DMF særleg merkt seg dette:

Vestland fylkeskommune:

Fylkeskommunen har forklart at det er «*tydeleg at Ytre Moa-terrassen utgjer eit klart avgrensa landskapsrom der kulturminna frå ulike tidsperiodar må oppfattast som delar av eit samanhengande og heilt unikt kulturmiljø med stor tidsdjupne. Terrassen inneholder kulturminne av høg nasjonal verdi. Det er vidare grunn for å tru at store delar*



av terrasseflata har potensial for funn av førhistoriske kulturminne som kan synleggjøre gards- og busetningshistoria på Ytre Moa ytterlegare.»




Figur 1: Reguleringsplan for Ytre Moa (1998) med kulturminnelokalisasjonene, fylkesatlas.no

Skadeårsaker og verknader

Det er vanskeleg for Vestland fylkeskommune å ta stilling til ny driftskonsesjon på dette tidspunkt då det verken vart føretatt ei ROS-analyse eller KU-utgreiing av området i samband med gjeldande reguleringsplan fra 1998.

Figur 3 synleggjer brotskanten mot terrasseflata og nærleiken av uttaksgrensa mot kulturminneområdet. Vestland fylkeskommune vurderer at driftsplan og avslutningsplan ikkje skisserer godt nok korleis tiltakshavar skal sikre skrånning og kulturminne mot utrasing og erosjon. Dette går heller ikkje fram av føresegna til dagens reguleringsplan.



Figur 3: Lidar-skanning, akseladden.ra.no



I gjeldande reguleringsplan er heile terrasseflata vist som spesialområde kulturminnevern, der feltet har nemninga S1. Føresegna til planen viser til at området er freda etter lov om kulturminne og at lova regulerer bruken av området.

Det er ikkje lagt til rette for ei buffersone mellom kulturminneområdet (S1) og grustaket (S3).

På bakgrunn av den informasjonen ein i dag har for området Ytre Moa, kan ikkje fylkeskommunen vere trygg på at ein har eit tilfredsstillande kunnskapsbilete av dei kulturhistoriske tilhøva.

Det er vidare grunn til å uroa seg over erosjon og ei ustabil skråning, noko som gjer at ein på sikt kan miste vesentleg informasjon til kjelde for ny kunnskap. I vidare vurderingar bør ein sjå på kunnskapspotensialet i kulturminna versus skadeverknadar av reguleringa og fornya driftskonsesjon.

Tiltakshavar må difor greie ut om det i det heile tatt er mogleg å sikre kulturminna på terrasseflata. Vestland fylkeskommunen ber difor tiltakshavar vere merksam på følgjande:

Ingen må - uten at det er lovlig etter § 8 - sette i gang tiltak som er egnert til å skade, ødelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme automatisk fredet kulturminne eller fremkalle fare for at dette kan skje, jf. § 3 i Lov om kulturminne.

Id. 60411 ligg tett opp til grensa for brotet mot nord-aust. Kulturminne står i fare for å bli påført skade ved vidare uttak av massar. Det må stillast krav til skråninga inn mot kulturminnet, som sikrar at kulturminna og terrenget rundt ikkje rasar ut.

Dei arkeologiske undersøkingane som vart gjort på midten av 1990-tallet er såpass gamle at det moglegvis vil kunne gjerast andre faglege vurderingar av dei aktuelle kulturminna. Dersom Direktorat for mineralforvaltning gjev driftskonsesjon jf. søknaden, vil Vestland fylkeskommune i samråd med Universitetsmuseet i Bergen vurdere om dei gjenværande restane etter id. 268943-0 inneheld ytterlegere vitskapeleg kjeldemateriale som må dokumenterast gjennom ei sikringsgraving.

På bakgrunn av ovanfornemnd rår Vestland fylkeskommune i frå ny driftskonsesjon til Ryfoss Betong AS før ny reguleringsplan for Ytre Moa ligg føre.

Vestland fylkeskommune føreset at følgjande vilkår vert tatt med dersom DMF innvilgar ny driftskonsesjon:

- Krav til tiltakshavar om vidare utgreiing av erosjonsfare og utrasing.
- Ved endringar/oppdateringar i driftsplan og avslutningsplan skal denne sendast på høyring til fylkeskommunen.
- Krav om mogleg sikringsgraving av id. 268943-0.
- Dagens vedtekne uttaksgrense kan innebvere ei fare for kulturminne av høg nasjonal verdi. Ny reguleringsplan som sikrar ei buffersone mellom kulturminneområdet (S1) og grustaket (S3).

DMF sine kommentarar:

DMF har merka seg Fylkeskommunens utsegn om at driftsplanen ikkje skisserer godt nok korleis tiltakshavar skal sikra skråning og kulturminne mot utrasing og erosjon.

Fylkeskommunen har vidare uttalt at det for kulturminnet med ID 60411 må stillast krav til skråninga inn mot dette som sikrar at kulturminna og terrenget rundt ikkje rasar ut.

Undersøkingar utførd av NGU viser at ressursen består av 5% stein, 45% grus og 50% sand, og det er ikkje påvist leire i området. DMF merker at planlagt skråning mot kulturminna skal ha ei helling på maks 1:2, og dette følgjer krava til stabile permanente skråningar etter DMFs driftsplanrettleiar. Vidare er det omsøkte konsesjonsområdet på det nærmeste 30 meter unna området avsett til kulturminneområdet med lokalid. 60441.



DMF vurderer dermed at sikkerheita til kulturminnet er tilstrekkeleg vareteke.

Elles merker DMF at det er tiltakshavar sitt ansvar å drive ressursen på ein bergfagleg fornuftig og trygg måte som ikkje utset omliggjande terreng for skade, medrekna uttak og utrasing av tilgrensande terreng.

Kva gjeld kulturminnet med ID 268943 vises det til kommunens utsegn om at dette ble frigitt i 1996.

Vidare har vi også merkt oss at Fylkeskommunen ikkje er trygg på at ein har eit tilfredsstillande kunnskapsbilete av dei kulturhistoriske tilhøva. Om dette minner DMF Tiltakshavar om den generelle varslingsplikten ihht. kulturminneloven § 8. Vi presiserer også at det i dette vedtakets punkt 5.4 om driftsplan går fram at «dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehand.» Vidare oppfordrar vi Tiltakshavar til å eventuelt opprette dialog med Fylkeskommunen. Ut over dette tek DMF høringsfråsegna til etterretning.

NVE:

NVE er opptekne av at uttak av massar ikkje skal medføre uheldige konsekvensar for nærliggande vassdrag (Ula og Tya) og at uttaket ikkje påverkar/endrar flaumsoner knytt til vassdraga. Det må dokumenterast av fagkunnig at tiltaket ikkje kan medføre endringar av flaumsona ved ein flaumsituasjon, dersom dette er tilfelle må i såfall konsekvensane av dette verte utgreidd.

DMF sine kommentarar:

Høyningsfråsegene frå Vestland fylkeskommune og NVE ble sendt til Tiltakshavar for kommentarar, men Tiltakshavar har i epost datert 7. oktober 2020 beskrive at de har «ingen kommentarer til høringen.»

DMF finn grunn å ta inn som vilkår at det innan 2 månadar frå datert vedtak må utarbeidast ein fagkyndig geologisk rapport basert på høyningsutspelet frå NVE, sjå også vedlegg 6 som viser det tildelte konsesjonsområdet saman med flaumsonene som skissert i NVE sitt kart. Dersom rapporten finn grunn til å setje i verk tiltak for å hindre endring av flaumsonen, må samstundes driftsplana reviderast med utgangspunkt i dei nye opplysingane. Revidert driftsplan skal i så fall utan oppmoding og opphold sendast til DMF for vurdering.

Årdal kommune:



Reguleringsplanen for området vart vedteken av Årdal kommunestyre den 17. desember 1998. I 2002 vart det gjort mindre endring av planen. Av saksdokumenta går det klart fram at planen skulle vere langsiktig, med ein venta uttakspériode på opp mot 40 år.

I kommuneplanen som vart vedteken den 14.06.2012 i sak 059/12, er området sett av til noverande område for råstoffutvinning. Av §§ 1-1 i planføresagnene til kommuneplanen går det fram at vedteken reguleringsplan gjeld fullt ut framfor kommuneplanen.

Gjennom arbeidet med revisjon av kommuneplanen i 2011 – 2012, vart alle vedtekne reguleringsplanar og utbyggingsplanar gjennomgått. Det vart ikkje vurdert som naudsynt å starte prosess med å oppheve eller gje kommuneplanen rettsverknad framfor vedteken reguleringsplan for Ytre Moa (Plan ID: 1424 – 1998007). Hoyringa av planprogrammet og planframlegg avdekte heller ikkje behov for særskilt oppfølging av planen for Ytre Moa.

Gjennom arbeidet med reguleringsplanen på 1990-talet var omsynet til kulturminna/-miljøet på Moa eit sentralt tema. Dokumenta i saka syner tett dialog med kulturminnestyresmaktene i prosessen med å vedta og endre planen i høvesvis 1998 og 2002.

Kulturminne med id 268943-0 vart frigitt i 1996. Dette følgjer av brev av 30. oktober 1996 frå Universitetet i Bergen, Bergen museum, Arkeologisk avdeling, der det står at; «*Med undersøkelsene gjennomført i henhold til inngått avtaler er den lovheimlede båndleggingen av det aktuelle området herved å anse som opphevet*».

Kommunen føreset at omsynet til tryggleik, erosjon og stabilitet vert ivareteke gjennom driftsplanen og den ordinære drifta av området.

DMF sine kommentarar:

DMF tek høringsfråsegna til etterretning. Kva gjeld omsynet til erosjon og stabilitet vises det til DMFs kommentarar til Fylkeskommunens fråsegn.

Fylkesmannen i Vestland:

Mineralforureining kan vere forureinande. Forureiningslova slår fast at det er forbode å forureine. Vi føreset at verksemda ikkje har avrenning av partiklar til vassdrag.

Handtering av mineralavfall

Kapittel 17 i avfallsforskrifta handlar om handtering av mineralavfall. I eit eventuelt driftsløyve bør det nemnast at verksemda må etterkome reglane i forskriftena viss det oppstår mineralavfall ved verksemda.

Regulering av knuseverk

Viss det er eit knuseverk på staden gjeld kapittel 30 i forureiningsforskrifta om forureining frå produksjon av pukk, grus, sand og singel. Den set krav til utslepp til vatn, støy og støv. Fylkesmannen skal også ha melding om knuseverk. Det er eit eige skjema på våre nettsider som kan nyttast som meldeskjema.

Vi har elles ikkje merknadar til søknaden.

DMF sine kommentarar:

Vi har merka oss Fylkesmannens utsegn om kapittel 17 i avfallsforskrifta og forureiningsforskrifta kapittel 30. DMF forutsetter at Tiltakshavar setter seg inn i gjeldande regelverk og at desse følges. DMF ønsker vidare å merke at ei tillating etter minerallova, herunder driftskonsesjon, ikkje erstattar krav om andre løyve, godkjenning, arealavklaring eller konsesjon etter anna lovgiving, jf. minerallova § 5.



Statens vegvesen:

Statens vegvesen ventar at auka bruk av krysset frå fylkesveg 5631 vil skje i dialog med Vestland fylkeskommune. Det er særleg viktig at siktilhøva er i samsvar med vegnormalane.

DMF sine kommentarar:

Vi oppfordrar Tiltakshavar til dialog med Fylkeskommunen, og forutset at siktilhøva er i samsvar med vegnormalane.

Anne-Grethe Øvstetun:

Ut frå høyringsskrivet, kjem det ikkje fram i kva grad foredling av førekomsten evt. medfører støy. Eg ber om utgreiing i høve dette, og kva avbøtande tiltak som evt. kan vera aktuelle.

Vi har tidlegare erfart, at bruk av steinkusar på det aktuelle området har medført så mykje støy at det har vore svært ubehageleg å opphalda seg utandørs (på eigen tomt).

Til dagleg er vi allerede belasta med (betydeleg) støy frå Hydro, HMR og ein sterkt trafikkert fylkesveg, som nærmeste naboar. Det er difor uråd å imøtekoma søknaden i vissheit om at drifta gjer belastninga større.

DMF sine kommentarar:

DMF tek høringsfråsegna til etterretning og visar til forureiningsforskrifta kapittel 30 for føresegner som gjeld støy. Tiltakshavar har også i driftsplanen punkt 3 om omsyn til natur og omgivelser forklart at forurensningsforskriften skal følges når det gjelder støyende aktivitet.

5. DMF si vurdering

Føremålet til minerallova er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling.

Etter minerallova § 43 er det krav om driftskonsesjon frå DMF for samla uttak av mineralførekommstar på meir enn 10 000 m³ masse og for alt uttak av naturstein. Berre den som har utvinningsrett kan få driftskonsesjon.

Konsesjonssøknader går gjennom ei skjønnmessig prøving før det blir avgjort om det skal gjevest driftskonsesjon. I vurderinga av om det skal gjevest driftskonsesjon skal det leggjast vekt på om søkjaren er "skikka" til å utvinne førekommsten. Dette inneber at ein skal leggje vekt på om prosjektet ser ut til å vere økonomisk gjennomførleg, om det blir lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift, og om søkeren har tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekommsten. I vurderinga av om det skal gjevest driftskonsesjon skal det òg leggjast vekt på omsyna som er nemnde i minerallova § 2.

DMF kan fastsette vilkår for ein driftskonsesjon. Når DMF avgjer kva vilkår som skal stillast, vurderer direktoratet mange av dei same omsyna som er relevante for vurderinga av om det skal gjevest konsesjon.

DMF har vurdert konsesjonssøknaden slik:

5.1 Utvinningsrett

Mineralførekommsten som skal utvinnast høyrer til kategorien mineral som grunneigaren eig. Tiltakshavaren er ikkje grunneigar for konsesjonsområdet, og det blir difor kravd avtale med grunneigaren om utvinningsretten til førekommsten.



Tiltakshavaren har i søknadsprosessen lagt fram ein avtale med grunneigaren for gbnr. 9/5, datert 7. oktober 2015, som dokumentasjon for utvinningsrett.

Avtalen gjev Tiltakshavaren utvinningsrett til førekomsten på det området det er søkt om konsesjon for i avtaleperioden. Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren utvinningsretten til førekomsten.

5.2. Arealmessig status for tiltaket

Konsesjonsområdet har eit areal på kring 53 daa og går fram av kartet med tittel *Konsesjonsområde – Moa grustak i Årdal kommune*. Området er i dagens kommuneplan regulert til *Annet spesialområde, grustak med feltbetegnelse S3*. Området har reguleringsplan frå 1998: *Reguleringsplan for Ytre Moa, del av Moa og del av Årdal metallverk*. Plan ID: 1424 – 1998007.

5.3. Økonomien i prosjektet

DMF har vurdert årsrekneskapen med styret si årsmelding og notar for dei siste 2 åra. På grunnlag av opplysningane som er gitt vurderer DMF bedrifa som økonomisk skikka.

5.4. Driftsplan

For å sikre at kravet om bergfagleg forsvarleg drift blir oppfylt, finn DMF grunn til å ta inn i konsesjonen eit vilkår om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg i samsvar med ein driftsplan godkjend av DMF.

Driftsplanen skal vere eit styringsverktøy for Tiltakshavaren i gjennomføringa av uttaket, og eit referansedokument i samband med DMF sine tilsyn.

I samband med søknaden har Tiltakshavaren lagt fram eit framlegg til driftsplan for uttaket.

Framlegget til driftsplan omfattar heile driftsperioden og avsluttinga av grustaket. Utarbeida og kart og snitt presenterer det planlagde uttaket av førekomsten innanfor arealet på 53 dekar. Det totale volumet grusreservar som skal takast ut ned til botnkoten på nivå +30 moh., er estimert til kring 276 000 m³. Det årlege uttaket vil variere med marknaden, men det estimerte gjennomsnittlige uttaket per år er 3000 m³. Det er planlagt drift i 2 etappar. Utdrivne område som ikkje trengst i den vidare drifta, skal setjast i stand fortløpende. I tillegg til driftfasane er det lagt fram ein plan for sikring og avslutting av grustaket.

Etter DMF si vurdering kan den vedlagde versjonen av driftsplan for Moa grustak godkjennast. Planen er tilfredsstilande ut i frå dei krava som DMF stiller til driftsplanar, og etter DMF si vurdering legg planen opp til bergfagleg forsvarleg drift.

Dersom det under drifta oppstår nye situasjoner eller andre endringar i føresetnadene for drifta, til dømes geologiske og kvalitetsmessige variasjonar, bør det likevel på visse vilkår kunne opnast for å gjere endringar og tilpassingar i planen. Dersom Tiltakshavaren ønskjer å gjere vesentlege avvik frå driftsplanen, skal DMF godkjenne dette på førehånd.

Undervegs i drifta kan DMF få bruk for oppdaterte kart og snitt som dokumenterer den noverande situasjonen i uttaksområdet og status i høve til den godkjende driftsplanen.



Det blir difor teke inn som eit vilkår i konsesjonen at DMF kan krevje at Tiltakshavaren gjer ny oppmåling og at ajourførte kart og profilar skal sendast inn når DMF finn det nødvendig.

5.5. Bergfagleg forsvarleg drift

Kravet om at drifta til ei kvar tid skal gå føre seg på ein bergfagleg forsvarleg måte inneber at aktiviteten må vere i samsvar med tilfredsstillande faglege standardar for denne typen verksemد.

Etter DMF si vurdering er den føreslegne driftsplanen for uttaket bergfagleg forsvarleg. Ved vurderinga har DMF lagt vekt på driftsplanen for uttaket.

5.6. Kva kompetanse søkeren har til å drive førekomensten

I vurderinga av om søkeren har tilstrekkeleg kompetanse er det den totale kompetansen som søkeren har tilgang til som skal vurderast opp mot kravet om å vere skikka.

Etter forskrift til minerallova § 3-1 skal alle uttak av mineralske ressursar ha ein bergteknisk ansvarleg.

Tiltakshavaren har i søknaden oppgitt Arnfinn Berge som bergteknisk ansvarleg for uttaket. Personen er registrert hos DMF som bergteknisk ansvarleg for uttaket og oppfyller kvalifikasjonskrava i forskrifta.

Etter DMF si vurdering har Tiltakshavaren tilstrekkeleg kompetanse til å drive førekomensten.

5.7. Dei miljømessige konsekvensane av utvinning

I vurderinga av om det skal gjevast driftskonsesjon skal det leggjast vekt på omsynet til miljøet og kulturminne. Det finst ein reguleringsplan for uttaket.

Biologisk mangfold – naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 7 pålegg alle offentlege instansar som tek avgjerder som påverkar naturen å vurdere planlagde tiltak opp mot prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–12. Reguleringsplanen, høyningsfråseigna og eigne søk i Naturbase og Artskart (gjennomførte i februar 2020) er lagde til grunn for vurderingane etter naturmangfaldlova i DMF si handsaming av søknaden. DMF reknar kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldlova § 8 for å vere tilstrekkeleg til at det kan fattast vedtak i saka. Føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 gjeld såleis ikkje.

Det har ikkje kome fram opplysningar som tydar på at uttaket vil komme i konflikt med naturverdiar i området. Etter DMF si vurdering vil slikt uttak av massar som det er sökt om forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem som er fastsett i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5.

Etter naturmangfaldlova § 10 skal den samla belastinga på økosystem og naturmangfaldet i regionen vurderast. DMF kan ikkje sjå at det kjem fram opplysningar om at uttaket vil medføre en økt belastning ut ifrå det som kjem fram i søknaden. Vi legger derfor til grunn at det ikkje er nødvendig å foreta ytterligare vurderinger etter lovens § 10.



DMF har kome til at det ikkje finst avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

5.8. Forholdet til omgivnadene og nærliggjande område under drift

Mineralressursane skal forvaltast og brukast på ein måte som tek omsyn til omgjevnadene og dei nærliggjande områda under drift. Det er difor viktig at drivaren gjennomfører nødvendige sikringstiltak for å unngå skadar på eigedom, menneske og dyr.

Vassdrag og flaumsone:

NVE kom i høyningsrunda med uro om vidare uttak av førekomsten kunne påverke flaumsona til nærliggande vassdrag (Utna og Tya).

DMF finn, med utgangspunkt i innspelet over, grunn å ta inn som vilkår at det innan 2 månadar frå vedtakets dato må Tiltakshavar sørge for at det utarbeidast ein fagkyndig geologisk rapport basert på høyningsutspelet frå NVE, som omtala i dette vedtakets punkt 4. Sjå også vedlegg 6, som viser det tildelte konsesjonsområdet saman med flaumsonene som skissert i NVE sitt kart. Dersom rapportens konklusjonar tilseier at det skal setjast i verk tiltak for å hindre endring av flaumsonen, må samstundes driftsplana reviderast med utgangspunkt i dei nye opplysningane. Revidert driftsplan skal i så fall utan oppmoding og opphald sendast til DMF for vurdering. Det stilles også krav om at fagkyndig geologisk rapport skal sendast til DMF, uavhengig av konklusjonane i denne.

Sikring:

Tiltakshavar har satt opp gjerde rundt heile uttaksområdet, noko som er dokumentert i driftsplana.

DMF har kome til at dette ikkje er avgjerande moment som talar mot å innvilge konsesjon.

5.9. Kva tiltaket får å seie for verdiskaping og næringsutvikling

Førekomsten det er søkt om driftskonsesjon for fell inn under råstoffgrupperinga sand, grus, pukk og leire (byggjeraストoff). Råstoffet blir brukt i produkt som det moderne samfunnet er heilt avhengig av og som blir brukte i bygg, vegar og anlegg.

Førekomsten nyttast som tilslagsmateriale til betong. Ryfoss Betong AS har eit eige betongblandeverk i forbindelse med uttaksområdet, som medfører kort avstand frå førekomsten til foredling/bruk.

5.10. Langsiktig planlegging for etterbruk eller tilbakeføring av området

Tiltakshavar planlegger ein etterbruk som beskrive i gjeldande reguleringsplan; industriformål på flaten og spesialområde, samt landskapssikring i skråninga.

Etter DMF si vurdering er dei planane som finst for etterbruk eller tilbakeføring tilfredsstillande, og såleis ikkje noko avgjerande moment som talar mot å gje konsesjon.

5.11. Økonomisk sikkerheit

I søknaden om driftskonsesjon har Tiltakshavaren, i samsvar med forskrift til



minerallova § 2-1, gjort framlegg til korleis sikkerheit kan stillast. DMF fastset dei endelege krava til sikkerheit.

Tiltakshavar foreslår i avtalen med grunneiger å sette av 8 kr/m³ som Ryfoss Betong skal sette av på egen konto, som skal nyttast til vedlikehald og ryddearbeidar av grustaket (landskapsvern).

5.11.1. Pålegg om å stille økonomisk sikkerheit og vurdering av kor stor sikkerheita skal vere

Etter DMF si vurdering er Tiltakshavaren sitt framlegg til kor stor sikkerheita skal vere ikkje tilfredsstillande. Etter forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd skal den økonomiske sikkerheita vere tilstrekkeleg til å dekkje Tiltakshavaren si sikrings- og oppryddingsplikt.

Etter ei konkret vurdering av tiltaket finn DMF at Tiltakshavaren skal påleggjast å stille finansiell sikkerheit på NOK 540 000,- for å sikre at nødvendige sikrings- og oppryddingstiltak blir gjennomførte etter minerallova §§ 49 og 50, jf. minerallova § 51. I vurderinga av kor stor sikkerheit som skal krevjast har DMF lagt vekt på sine eigne erfaringstal for tilsvarende uttak, med tillegg for eksterne og uventa kostnader.

5.11.2. Form for sikkerheit

Det skal stillast sikkerheit i ei slik form at den ikkje vil gå inn i konkursbuet i tilfelle konkurs hos Tiltakshavaren, jf. forskrift til minerallova § 2-1 tredje ledd.

Etter DMF si vurdering vil det vere føremålstenleg at den økonomiske sikkerheita blir stilt ved innbetaling av eit grunnbeløp og ved individuell fondsavsetjing, begge deler til ein bankkonto som det etter ein eigen avtale om finansiell sikkerheit skal etablerast pant i til fordel for DMF, jf. pantelova §§ 4-4 til 4-6. Tiltakshavaren skal ikkje ha råderett over denne bankkontoen, som skal vere sperra til fordel for DMF.

Grunnbeløp

Etter DMF si vurdering er det nødvendig å stille krav om innbetaling av eit grunnbeløp for å ha tilstrekkeleg sikkerheit i oppstartsfasen før fondet har nådd maksimal avsetjing. Tiltakshavaren skal difor innan 2 månader etter datoен då konsesjonsvedtaket blei gjort, betale inn eit grunnbeløp på NOK 150 000,- til ein bankkonto. Beløpet er fastsett på grunnlag av ei vurdering av kva som blir rekna for å vere tilstrekkeleg sikkerheit i denne fasen.

Individuell avsetjing, avsetjingsperiode og storleiken på avsetjinga

Deretter skal Tiltakshavaren setje inn midlar på bankkontoen årleg fram til totalbeløpet på NOK 540 000,- er nådd. Dei årlege innskota blir rekna ut etterskotsvis på grunnlag av masseuttaket året før. Det skal betalast inn NOK 3,42 årleg per tonn utteken masse.

Ved fastsetjinga av satsen per tonn utteken masse har DMF lagt til grunn at fondet skal byggjast opp over ein periode på 20 år, det vil seie NOK 19 500,- per år. I søknaden er det rekna med eit uttak på 3000 m³/år, tilsvarende om lag 5700 tonn/år, noko som gjev ei årleg avsetjing på NOK 3,42 per tonn.

Innbetalinga for masseuttaket må vere avsett innan 1. februar året etter.



5.11.3. Rapportering og dokumentasjon

Beløpet som står på kontoen skal dokumenterast årleg ved å gje DMF tilgjenge til ei oppdatert kontoutskrift. All avkasting på midlane skal godskrivast kontoen.

I tillegg finn DMF det nødvendig at Tiltakshavaren undervegs i drifta vurderer om den sikkerheita som er stilt er tilstrekkeleg til å dekkje kostnadene til sikrings- og oppryddingstiltak og gjev DMF tilbakemeldingar om dette. Dersom den fastsette driftsperioden for uttaket blir endra eller det skjer andre vesentlege endringar i driftsplanen, skal DMF informerast umiddelbart. Elles skal Tiltakshavaren kvart femte år gjere ei ny vurdering av om sikkerheita er tilstrekkeleg. Når vurderinga er gjord, skal Tiltakshavaren utarbeide ein rapport og sende den til DMF utan grunnlaust opphold. DMF kan òg ha behov for meir rapportering og dokumentering enn det som er skildra over, og finn det difor nødvendig å påleggje Tiltakshavaren plikter i så måte i konsesjonsvilkåra.

5.11.4. Justering av sikkerheita

Etter forskrift til minerallova § 2-3 første ledd andre punktum kan DMF gjere vedtak om endring av storleiken på avsetjinga, inkludert dei årlege innbetalingane frå Tiltakshavaren, og tidspunktet for innbetaling. Slike endringar kan òg gjerast når som helst ved endringar i minerallova og andre relevante lover, forskrifter og vedtak.

6. Kor lenge driftskonsesjonen gjeld

Driftskonsesjonen kan reviderast etter 10 år.

Driftskonsesjonen fell bort dersom drift ikkje er starta opp seinast fem år etter at konsesjonen er gitt. Det same gjeld dersom drifta blir innstilt i meir enn eitt år. Det kan søkjast til DMF om å forlengje desse fristane. Driftskonsesjonen fell òg bort dersom:

- utvinningsretten for statens mineral blir sletta
- avtalen om rett til å utnytte førekomst av grunneigars mineral går ut
- skjønn ikkje er kravd innan eitt år etter at ekspropriasjonsløyve er gitt etter minerallova § 37 andre ledd bokstav a

Driftskonsesjonen kan ikkje overdragast. Det gjeld òg ved overdraging av utvinningsretten.

7. Plikter for tiltakshavaren

Tiltakshavaren har rettar og plikter som følgjer av minerallova med forskrifter.

Meldeplikt ved oppstart og stans av drift

Seinast éi veke før oppstart av drifta skal tiltakshavaren sende melding til DMF. Tiltakshavaren skal òg sende melding til DMF før drifta mellombels blir stansa eller lagd ned i medhald av minerallova § 44.

Drifta skal utførast med varsemd

Drifta skal utførast med varsemd, slik at skadane ikkje blir større enn nødvendig. Etter minerallova § 48 skal arbeida heller ikkje føre til unødig forureining eller skade på miljøet.



Forsvarleg sikring og opprydding

Området skal sikrast slik at arbeidet ikkje medfører fare for menneske, husdyr eller tamrein. Etter minerallova § 49 omfattar sikringsplikta òg gruveopningar, tippar og utlagde massar på område som er knytte til konsesjonsområdet.

Etter minerallova § 50 skal området vere forsvarleg rydda mens arbeida går for seg. Etter minerallova §§ 49 og 50 skal området vere forsvarleg rydda og varig sikra etter at arbeida er avslutta. DMF kan fastsetje ein frist for når oppryddinga skal vere avslutta.

Ansvaret til bergteknisk ansvarleg

Bergteknisk ansvarleg har eit særskilt ansvar for å sjå til

- at drifta er teknisk forsvarleg og tek omsyn til arbeidstakarar, nærliggjande bygningar og omgivnadene elles
- at førekomen blir avbygd på ein berekraftig måte
- at drifta til kvar tid er i samsvar med ein ajourført og godkjend driftsplan

Rapportering

Tiltakshavaren skal sende årleg driftsrapport til DMF via «Min side» på dirmin.no.

Når uttak av grunneigars mineral blir lagt ned, kan DMF stille krav om å sende inn sluttrapport, måledata og prøvemateriale. Dette gjeld dersom uttaket har mineraliseringar av vesentleg geologisk interesse.

8. Rett til å klage

Partane i saka og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket i samsvar med reglane i forvaltingslova kapittel VI.

Fristen for å klage er tre veker etter at de har fått dette brevet. Klagen skal sendast til DMF for ny vurdering. Dersom DMF ikkje finn grunn til å gjere om vedtaket, sender vi klagen til Nærings- og fiskeridepartementet, som gjer endeleg vedtak i saka. I klagen må de gjere greie for kva de klagar på, og kvifor, og de må foreslå endringar.

Venleg helsing

Unni Garberg
seksjonssjef

Lena Røst Tonning
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturen.
Saksbehandler: Lena Røst Tonning

Vedlegg:

- Vedlegg 1_konsesjonsområde
- Vedlegg 2_godkjent driftsplan
- Vedlegg 3_adresseliste
- Vedlegg 4_avtale om finansiell sikkerhetsstillelse
- Vedlegg 5_pantsettelseserkæring for enkle pengekrav



Vedlegg 6_kart over konsesjonsområde samt NVE sitt aktsemdområde for flaumsoner

Mottakere:

Ryfoss Betong AS Tyinvegen 3612 2973 RYFOSS

Kopi til:

Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4-6	6885 ÅRDALSTANGEN
Statens vegvesen Region vest	Postboks 43	6861 LEIKANGER
Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863 LEIKANGER
Norges vassdrags- og energidirektorat Region vest	Naustdalsvegen 1B	6800 FØRDE
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020 BERGEN
Anne-Grethe Øvstetun		